



Stig Brendehaug  
Kubbaleitet 4  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2346 - 17/23319

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
22.08.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/739 Alver


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppføring av mur og fylling.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går fram av VA-kartet til kommunen at tiltaket skal plasserast over kommunal spillvassleidning. Du må difor ta kontakt med teknisk drift i kommunen ( VA-avdelinga) for å avklare om tiltaket kan plasserast slik det er søkt om. I utgangspunktet gjeld VA-normen med krav om avstand til offentleg leidningsnett på minst 4 meter. Dersom tiltaket er i konflikt med offentleg leidningsnett må det søkast om og gjevast dispensasjon for dette. Dette vert handsama av teknisk drift i kommunen.



2. Privat spillvassleidning frå gbnr 137/53 går over eigedommen din. Private rettar i forhold til etablering av mur over denne leidninga må difor avklarast mellom berørte partar. Kommunen treng dokumentasjon på at private rettar er ivareteke.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Stig Brendehaug

Kubbaleitet 4

5916

ISDALSTØ